



Knester til kai og klar for dåpen i Bekkjær 23. juni. I neste veke går trålarar attende til Bekkjær etter å ha vorte ferdiggjort i Uskedalen. (Foto: Ruben Stenevik)

**Eidsvik Skipsbyggeri er no i ferd med å fullføra trålarar Knester og skal levera han til Austevoll-rederiet med same namn ein gong i neste veke, opplyser dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no. Skroget kom frå Polen til Uskedalen midt i november i fjor etter store forseinkingar**

Leveransen av Knester frå Eidsvik er også litt forseinka, men ikkje så mykje at det spelar nokon rolle. Knester har allereie vore i Bekkjær og vorte døypt. Dåpshandlinga fann stad 23. juni med over 500 tilskodarar og stor festivitas. Eidsvik, reiarlaget og underleverandørar inviterte til ope skip og sildabord på kaien.

Den neste store oppgåva for Eidsvik blir fullføring av den 65 meter lange fiskebåten Quantus for et skotsk reiarlag. Skroget er laga i Nesna i Nordland og det kjem til kai i Uskedalen i august. Men før denne båten kjem skal den største bedrifta i Uskedalen ha fellesferie – frå 16. juli og i tre eller fire veker.

Trålarar skal leverast ferdig til Skottland i april 2008, og så går Eidsvik inn i offshore-marknaden for alvor med det første supplyskipet som får ei lengd på 88,3 meter. Skroget er no under byggjing i Tyrkia og båten skal leverast til rederiet O.H.Meling i Stavanger i mars 2009.

Eidsvik har også opsjon på leveranse av eit søsterskip til same rederi.

Av Ola Matti Mathisen



Quantus kjem til Uskedalen frå Nordland i august.